

Kulturprisen og Kulturrosa 2019 – nominer din kandidat!

Kvart fjerde år deler Meland kommune ut Kulturprisen, og 2019 er eit slikt merkeår. Kulturprisen er ei utmerking for særleg forteneestefull og aktiv innsats for kulturlivet i kommunen gjennom lengre tid, til ein person eller lag/organisasjon med tilknytning til kommunen. Kjenner du til nokon du meiner fortener denne heideren? Send ditt forslag med grunngjeving til postmottak@meland.kommune.no innan 7. august, og merk med «Kulturprisen 2019».

Du kan også nominere kandidatatar til Kulturrosa 2019. Kulturrosa vert kvart år gitt til personar som gjer ein særskild innsats for folk i nærmiljøet sitt, og er eit symbol og teikn på at innsatsen vert lagt merke til og sett pris på. Kven meiner du fortener Kulturrosa 2019? Send nominasjon med grunngjeving til postmottak@meland.kommune.no innan 7. august, og merk med «Kulturrosa 2019».

Nominasjonane kan også sendast i posten til Meland kommune, postboks 79, 5906 Frekhaug. Hugs merking «Kulturprisen 2019» eller «Kulturrosa 2019», og frist 7. august.